

Nytt helse- og velferdsenter

Vestnes kommune signerte i dag første kontrakt med Skanska og har dermed nådd ein ny milepæl i planlegginga av eit nytt helse- og velferdsenter i Vestnes.

4 entreprenørar deltok i konkurransen om å levere det beste løysingsforslaget med bakgrunn i ein grundig utarbeidd kravspesifikasjon. Forslaga/tilboda vart mottekne i juni og vart vurdert av ei jury. Juryen hadde mynde til å velje det beste forslaget utifrå på førehand definerte kriteriar. Juryen var samansett av politikarar og administrative representantar frå Vestnes, samt uavhengige arkitektar utpeika av WSP Norge.

Det nye bygget vårt ser du her:



Det nye helse- og velferdssenteret sett frå Senior Plaza (nordsida)



Perspektiv frå kafe mot bibliotek og hovudinngang

Dette møtet blir 29.august kl 18. Merk deg datoen. Møtestad blir annonsert seinare



Signering av kontrakt

Ordførar Geir Inge Lien og Åse Lien Kleppe frå Skanska signerte kontrakt

Bak: Mona Janne Johansen, Greta Bjerke og Magne Værholm frå Vestnes kommune, Jon Kjetil Gram frå WSP og Vidar Johansen frå Skanska